

HALVÅRSPLAN samfunnsfag - 6. trinn - SINNES SKULE HAUST 2020

Lærer: Anne Grethe N. Ådneram

Læreverk: Midgard 6, Redd Barna: reddbarna.no/skole – ingen utenfor, demokrati og nettvett

Faget sin relevans og sentrale verdier: Samfunnsfag er eit sentralt fag for at elevane skal bli deltakande, engasjerte og kritisk tenkjande medborgarar. Faget skal bidra til at elevane ser samanhengar mellom individuelle val, samfunnsstrukturar og tolegrensene i naturen. I samfunnsfag skal elevane få høve til å utforska sin eigen identitet, lokalsamfunnet dei lev i, og nasjonale og globale problemstillingar. Gjennom arbeidet med faget skal elevane forstå korleis geografiske, historiske og notidige forhold legg føresetnader for korleis menneska dekkjer behova sine, og for korleis makt og ressursar blir fordelte. Elevane skal bli bevisste på korleis vi er historieskapte, men òg historieskapande. Faget skal bidra til identitetsutviklinga til den enkelte og forståing av dei forskjellige fellesskapa vi menneske inngår i. Det inneber òg å inkludere majoritets- og minoritetsperspektiv, og særleg samisk kultur og samfunnsliv. Slik bidreg samfunnsfaget til å styrkje elevane si forståing av seg sjølve, av samfunnet dei lev i, og av korleis dei kan påverke sitt eige liv og framtida.

| Veke 34-38 | Emne: Avis, kjeldekritikk og berekraftsmål 6 og 14 |
|---|--|
| <p>Mål for opplæringa er at eleven skal kunna: Gjennomføra ei samfunnsfagleg undersøking og presentera resultatane ved hjelp av eigna digitale verktøy. Samanlikna korleis ulike kjelder kan gi ulik informasjon om same tema, og reflektera over korleis kjelder kan brukast til å påverka og fremja bestemte syn. Utforska og presentera ei global utfordring ved berekraftige utvikling og kva for konsekvensar ho kan ha, og utvikla forslag til korleis ein kan vera med på å motverka utfordringa og korleis samarbeid mellom landa kan bidra.</p> <p><u>Kjerneelement</u></p> <p>Undring og utforsking: Vera nysgjerrig og aktivt kunnskapssøkjande saman med andre - i og utanfor klasserommet. Henta informasjon frå ulike kjelder for å kasta lys over forhold i sitt eige liv. Vurdera kritisk om kjeldene er pålitelege og relevante.</p> <p>Samfunnskritisk tenking og samanhengar: Få innsikt i den gjensidige påverknaden mellom natur og samfunn.</p> <p>Demokratiforståing og deltaking: Få erfaring med demokrati i praksis ved å kunna påverka og medverka til samfunnsutforming.</p> <p>Berekraftige samfunn: Få forståing for korleis ulike forhold legg føresetnader for korleis menneska fordeler ressursar i ulike samfunn. Sjå at geografisk mangfald og variasjon dannar rammer for livsgrunnlag og levekår. Sjå at ressursbruken til menneska har hatt og har konsekvensar, og vurderer handlingalternativ for berekraftig utvikling på individuelt, nasjonalt og globalt nivå.</p> <p>Identitetsutvikling og fellesskap: Utvikla handlingskompetanse ved å forstå seg sjølve med ei fortid, notid og framtid.</p> <p><u>Grunnleggjande dugleikar</u></p> <p>Digitale ferdigheiter: Bruka digitale verktøy til å finna, behandla og navigera i digitale kjelder, utøva digital kjeldekritikk og velja ut relevant informasjon. Kommuniserer, samarbeider og skapar digitale produkt og følgjer reglar og normer for nettbasert kommunikasjon, personvern og opphavsrett.</p> <p>Å kunna lesa: Utforska, tolka og reflektera kritisk over ulike kjelder. Finna informasjon og velja ulike kjelder. Skilja mellom meiningar, fakta og påstandar.</p> | |

| | | |
|---|--|--|
| <p>Å kunna skriva: Planleggja, utforma og arbeida med tekstar som er tilpassa føremålet med skivinga. Dela, formidla og presentera kunnskap og informasjon skriftleg, og bruka samfunnsfaglege omgrep.</p> <p>Å kunna rekna: Henta inn, arbeida med og analysere og vurdera talmateriale for å ta stilling til samfunnsspørsmål.</p> <p>Tverrfaglege tema</p> <p>Demokrati og medborgarskap: Tenkja kritisk, ta ulike perspektiv, handtera meiningsbryting og visa aktivt medborgarskap.</p> <p>Berekraftig utvikling: Forstå samanhengen mellom dei sosiale, økonomiske og miljømessige forholda ved berekraft ved å få kunnskap om samanhengar mellom natur og samfunn og korleis menneska påverkar klima og miljø. Sjå at handlingar både på individ- og samfunnsnivå vil hjelpa.</p> | | |
| Læreverk og anna materiell | Omgrep | Læringsmål, arbeidsmåter og undervegsvurdering |
| NRK-skole Salaby FN.no/skole -Undervisningsopplegg om Berekraftsmåla Skuleavis Prosjektmappe | berekraft, berekraftsmål, sanitærforhold, vatn, plast, WWF | Kunna forklara ordet berekraft, og vera kjent med FN sine berekraftsmål. Kunna gjennomføra ei samfunnsfagleg undersøking ved praktisk arbeid eller bruk av kjelder, og presentera resultat i ein avistekst. Kunna skriva ein faktatekst eller ein samansett tekst. Kunna arbeida med tilbakemeldingar undervegs. Heile mellomtrinnet lagar ei avis. Grupper på tvers av klassane som skriv om ulike tema innafor FN sine berekraftsmål nr. 6 og nr. 14. Tilbakemelding frå lærar kvar dag i skriveveke, med kommentar til vidare arbeid. Eigenvurdering: Laga heimelekser/plan for vidare arbeid ut frå så langt dei er kome, kvar skriveveg. |

| | |
|---|---------------------|
| Veke 39-43 | Emne: Norden |
| <p>Mål for opplæringa er at eleven skal kunna: Skildra geografiske hovudtrekk i ulike delar av verda og reflektera over korleis desse hovudtrekka påverkar menneska som bur der.</p> <p>Kjerneelement</p> <p>Undring og utforskning: Vera nysgjerrig og aktivt kunnskapssøkjande åleine og saman med andre. Innhenta og bruka informasjon frå ulike typar kjelder, og vurdera kritisk om kjeldene er pålitelege og relevante.</p> <p>Samfunnskritisk tenking og samanhengar: Forstå samanhengar mellom geografiske og notidige forhold og korleis dei kvar for seg og saman har påverka og påverkar menneske og samfunn. Få innsikt i gjensidig påverknad mellom natur og samfunn.</p> <p>Berekraftige samfunn: Forstå korleis geografiske og notidige forhold har lagt og legg føresetnader for korleis menneska har dekt og dekkjer behova sine, og for korleis dei har fordelt og fordeler ressursar i ulike samfunn. Sjå at geografisk mangfald og variasjon dannar rammer for livsgrunnlag og levekår.</p> <p>Grunnleggjande dugleikar</p> | |

| | | |
|--|--|---|
| <p>Munnlege ferdigheitar: Ta ordet etter tur, lytta og gi respons til andre. Fortelja om samanhengar. Få tak i andre sine meiningar, stilla oppklarande og utdjupande spørsmål.</p> <p>Å kunna lesa: Bruka få og tilrettelagde kjelder. Finna litt kjelder sjølv, og bevisst velja og velja bort ulike kjelder. Utforska, tolka og reflektera kritisk over ulike kjelder.</p> <p>Å kunna skriva: Formulera enkle faktasetningar og spørsmål, og visa til kjelder. Formidla og presentera kunnskap og informasjon skriftleg, og bruka samfunnsfaglege omgrep.</p> <p>Tverrfaglege tema</p> <p>Berekraftig utvikling: Forstå samanhengar mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold ved berekraft ved å ha kunnskap om samanhengar mellom natur og samfunn.</p> | | |
| Læreverk og anna materiell | Omgrep | Læringsmål, arbeidsmåter og undervgsvurdering |
| Midgard 6 s. 6-27 Malimo: Utforsk Europa. https://www.fn.no/Land www.snl.no | landskap, klima, næringar, ressursar, eksport, morsmål, arkitektur, turistattraksjon, monarki. | Kunna plassera land og havområder i Norden på kartet. Kunna plassera viktigaste byar, elvar og fjell på kartet. Skildra landskap og klima i Norden Samanlikna og visa likskapar og ulikskapar mellom landa i Norden. Les fagtekstar saman/i grupper/individuellt, utforska kart/atlas, munnlege samtalar, utforska nokre av landa ved å fylla inn i hefte frå Malimo, laga tankekart og fleirkolonnenotat, munnleg presentasjon Fylla ut/skriva på tomme kart. Markera likskapar i fleirkolonnenotatet med ulike fargar - fortelja munnleg kva dei finn ut. |

| | |
|--|---------------------|
| Veke 44 - 48 | Emne: Europa |
| <p>Mål for opplæringa er at eleven skal kunna: Skildra geografiske hovudtrekk i ulike delar av verda og reflektera over korleis desse hovudtrekka påverkar menneska som bur der.</p> <p>Kjerneelement</p> <p>Undring og utforsking: Vera nysgjerrig og aktivt kunnskapssøkjande åleine og saman med andre. Innhenta og bruka informasjon frå ulike typar kjelder, og vurdere kritisk om kjeldene er pålitelege og relevante.</p> <p>Samfunnskritisk tenking og samanhengar: Forstå samanhengar mellom geografiske og notidige forhold og korleis dei kvar for seg og saman har påverka og påverkar menneske og samfunn. Få innsikt i gjensidig påverknad mellom natur og samfunn.</p> <p>Berekraftige samfunn: Forstå korleis geografiske og notidige forhold har lagt og legg føresetnader for korleis menneska har dekkja og dekkjer behova sine, og for korleis dei har fordelt og fordeler ressursar i ulike samfunn. Sjå at geografisk mangfald og variasjon dannar rammer for livsgrunnlag og levekår.</p> <p>Grunnleggjande dugleikar</p> | |

| | | |
|---|---|---|
| <p>Munnlege ferdigheitar: Ta ordet etter tur, lytta og gi respons til andre. Fortelja om samanhengar. Få tak i andre sine meiningar, stilla oppklarande og utdjupande spørsmål.</p> <p>Å kunna lesa: Bruka få og tilrettelagde kjelder. Finna litt kjelder sjølv, og bevisst velja og velja bort ulike kjelder. Utforska, tolka og reflektera kritisk over ulike kjelder.</p> <p>Å kunna skriva: Formulera enkle faktasetningar og spørsmål, og visa til kjelder. Formidla og presentera kunnskap og informasjon skriftleg, og bruka samfunnsfaglege omgrep.</p> <p>Digitale ferdigheiter: Bruka digitale verktøy til å finna, behandla og navigera i digitale kjelder. Velja ut relevant informasjon og utøva digital kjeldekritikk. Kommunisera, samarbeida og skapa digitale produkt.</p> <p>Tverrfaglege tema</p> <p>Berekraftig utvikling: Forstå samanhengar mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold ved berekraft ved å ha kunnskap om samanhengar mellom natur og samfunn.</p> | | |
| Læreverk og anna materiell | Omgrep | Læringsmål, arbeidsmåter og undervegsvurdering |
| Midgard 6 s. 28 - 53 https://www.fn.no/Land www.snl.no Storyline Europa https://online.seterra.com Leseprosjekt: Les oss gjennom Europa. | sletter, råvarer, energi, industri, historisk minnesmerke, minoritet, kommunistisk styre, folkegrupper, | Plassera viktige land, byar, elvar og fjell i Europa på kartet. Gi døme på korleis folk lever og korleis landskap og klima påverkar livet deira. Samanlikna og visa likskapar og ulikskapar mellom land i Europa. Bruka kart/atlas, lesa fagtekstar saman/i grupper/individuellt og ha munnlege samtalar. Bruka skriveramme for å samanlikna nord-, sør-, aust-, og vest- Europa etter kvart som me les oss gjennom desse delane av Europa. Tverrfagleg storyline (samf., norsk, KRLE, musikk og M&H). Skriva på tomme kart i start og slutt av perioden. Kan dei meir til slutt? Presentasjon av storyline i grupper. |

| | |
|---|------------------------------------|
| Veke 49-50 | Emne: På spor etter fortida |
| <p>Mål for opplæringa er at eleven skal kunna: Samanlikna korleis ulike kjelder kan gi ulik informasjon om same tema, og reflektera over korleis kjelder kan brukast til å påverka og fremja bestemte syn.</p> <p>Kjerneelement</p> <p>Undring og utforskning: Undra seg over, reflektera rundt og vurderer korleis kunnskap om samfunn før og no blir til. Vera nysgjerrig og aktivt kunnskapssøkjande åleine og saman med andre. Innhenta og bruka informasjon frå ulike typar historiske, geografiske og samfunnskunnskaplege kjelder for å kasta lys over ulike samfunn, til ulike tider, og i sitt eige liv. Vurdera kritisk om kjeldene er pålitelege og relevante.</p> <p>Samfunnskritisk tenking og samanhengar: Forstå samanhengar mellom geografiske, historiske og notidige forhold. Utvikla historisk empati.</p> | |

| Grunnleggjande dugleikar | | |
|--|--|---|
| <p>Digitale ferdigheiter: Utforska og bruka digitale ressursar. Finna, behandla og navigera i digitale kjelder.</p> <p>Å kunna lesa: Utforska, tolka og reflektera kritisk over ulike historiske kjelder. Finna informasjon og bevisst velja og velja bort ulike kjelder.</p> <p>Å kunna skriva: Dela, formidla og presentera kunnskap og informasjon skriftleg.</p> <p>Å kunna rekna: Tolka konkrete og enkle tabellar og grafiske framstillingar og sjå endringar over tid i desse. Arbeida med talmateriale for å ta stilling til samfunnsspørsmål.</p> | | |
| Læreverk og anna materiell | Omgrep | Læringsmål, arbeidsmåter og underevgsvurdering |
| Midgard 6 s. 54-65 www.ssb.no | arkeolog, Heimskringla, kyrkjebøker, folketeljing, personnummer, Riksarkivet, diplom, | Forklara kva ei historisk kjelde er, og gi døme på kva som kan vera kjelder. Gi døme på korleis forskarane brukar kjelder til å finna ut noko om fortida. Vita kva me må vera merksame på når me undersøkjer ei historisk kjelde. Les fagtekstar og tabellar saman/i grupper/individuellt. Prøva seg som historikar sjølv - finna ut korleis folk feira jul for 50 år og lenger sidan. Presentera funn for medelevar skriftleg (book creator) eller munnleg presentasjon. |

| Veke 51-3 | Emne: Mellomalderen |
|--|----------------------------|
| <p>Mål for opplæringa er at eleven skal kunna: Utforska korleis menneske i fortida livnærte seg, og samtala om korleis sentrale endringar i livsgrunnlag og teknologi har påverka og påverkar demografi, levkår og busetjingsmønster. Reflektera over korleis møte mellom menneske har bidrege til å endra korleis menneske har tenkt og ulike samfunn har vore organiserte.</p> <p>Kjerneelement</p> <p>Undring og utforsking: Undra seg over, reflektera omkring og vurderer korleis kunnskap om samfunn blir til. Vera nysgjerrige og aktivt kunnskapssøkjande. Henta inn og bruka informasjon frå ulike typar historiske kjelder for å kasta lys over forhold i ulike samfunn til ulike tider.</p> <p>Samfunnskritisk tenking og samanhengar: Forstå samanhengar mellom geografiske, historiske og notidige forhold og korleis desse kvar for seg og saman har påverka og påverkar menneske og samfunn. Sjå korleis utviklinga i fortida var prega av brot og kontinuitet og kva som bidrog til endringar, samt utvikla historisk empati. Bli kjent med korleis makt og maktrelasjonar har verka inn på ulike forhold i samfunnet.</p> <p>Demokratiforståing og deltaking: Forstå korleis historiske forhold har lagt føresetnader for høvet menneska har hatt til å samarbeida, organisera seg og ta avgjerder i ulike samfunn. Sjå korleis skilnader har hatt innverknad på folk sitt liv og høve til å medverka.</p> <p>Berekraftige samfunn: Forstå korleis geografiske og historiske forhold har lagt føresetnader for korleis menneska har dekkja behova sine, og fordelt ressursar i ulike samfunn. Sjå at ressursbruken til menneska har hatt konsekvensar, og sjå berekraftig utvikling med vekt på fortida.</p> <p>Identitetsutvikling og fellesskap: Forstå kvifor menneske søkjer saman i samfunn, og korleis identitetsutvikling og fellesskap blir påverka av geografiske, historiske og notidige forhold. Utvikla historiemedvit og handlingskompetanse ved å forstå seg sjølv med fortid, notid og framtid.</p> | |

Grunnleggjande dugleikar

Munnlege ferdigheiter: Lytta til andre sine meiningar, uttrykkja egne meiningar, ta ordet etter tur, gi respons til andre og fortelja om samanhengar.

Å kunna lesa: Bruka få og tilrettelagde kjelder. Finna litt kjelder sjølv, bevisst velja og velja bort ulike kjelder. Utforska, tolka og reflektera kritisk over kjelder.

Å kunna rekna: Bruka tidslinjer til å utforska og presentera historiske og geografiske forhold og sjå samanhengar.

Tverrfaglege tema

Berekraftig utvikling: Få forståing for samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold ved berekraft, ved å få kunnskap om korleis levekår, levesett og demografi heng saman.

Folkehelse og livsmeistring: Forstå individet som ein del av ulike fellesskap. Gi perspektiv på kva eit godt liv kan vera.

| Læreverk og anna materiell | Omgrep | Læringsmål, arbeidsmåter og undervegsvurdering |
|---|---|--|
| Midgard 6 s. 66-93 Tverrfagleg prosjekt med musikk (KRLE og K&H?). | riddar, føydalisme, rustning, trubadur, lanse, normanner, pave, kjettar, lysa i bann, pilegrim, kloster, tiend, pest, profet, persarane, ornamentikk, kalligrafi. | Fortelja om korleis livet var på landet og i byane i mellomalderen. Gi døme på ulike levevis for rike og fattige, menn og kvinner. Forklara korleis samfunnet var organisert i mellomalderen. Gi døme på korleis Europa vart påverka av arabisk kultur. Laga tidslinje, høgtlesing, lesa fagtekstar saman/i grupper/individuellt, arbeid med tekstane, dramatisera sentrale deler av emnet og visa for medelevar, laga borg av pappøskjer/kartong eller laga kunst inspirert av tida. Kapittelprøve. |